

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 23.

Fylke: Nordland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Saltødal (Tjøtta)

Emne: Bordstille til hverdags

Bygdelag: Setså

Oppskr. av: Harald Flaverø

Gard: Sommerøyd

(adresse): Setså

G.nr. 2 Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1. Det er kjøkkenet som matlagingsrom og etarom i huset. Ten satt ved langbord eller oppslege kaffebord alle som høyrde huslyden til, tenarane undrekkna. Men kårfolk hadde gjerne sitt eige rom, og laga maten sin der.

2.

3. Alle et samotimdis.

4. Alle et same slags mat.

5. Til dagly ~~et~~ et ein i kjøkkenet.

6. Til høgtids og når ein har sjeldne gjester et ein i stua, og så når det er familiefest av litt eller anna slag, "dagar".

7. Faste plassar ved bordet har vore og er skikk. Det er liksom så grei skicing med det.

Plasseringa er ikkje god å gjere greie for, men ei viss rangering er der. Husbonden sit lengst på inngangsdøra. Attnes han sit husmora. Så kjem eldste sonen på

andre side av bordet rett mot faren, eller på vinstre side hans, om det høver så. Der-  
ifra kjem då dei andre sønene kanskje nokre  
på oljimp.

Frå mora ber det helst andre vegem med  
døtrene, dei minste nærmast og dei eldste  
lengst vekk.

Tenarar og tilfeldige arbeidsfolk blandar  
seg helst med barna, kanskje & undantak  
eldste sonen.

Det blir då tre faste plassar: husbond, hús-  
mor og eldste sonen, eller kanskje sviger-  
son, om det høver seg så. I så fall får  
vi ein fjerde fast plass, nemleg den dottra  
i huset han er gift med. Og så kjem då dei-  
ra barn, i allfall minstebarnet.

Eller vil dei fleste finne att plassane sine  
ved bordet. Det er gjerne så at dei fleste  
har sitt spesielle dekketøy, serleg då skier.

Dei blir då lagt på plassen at den som  
sig dei. Barna har og ofte sine egne taller-  
kener.

8. Nokon fast regel at barna skulle stå ved  
bordet, trå ikkje med det har vore, men det  
heitte gjerne når barna ikkje fann seg stov,  
eller ikkje kom seg fram til bordet med han:  
"Å du kan no stå, så veks du betre."

9. Ordet høgetet kunne nok bli nemnt, og utan  
at det blir sagt, så ligg det erno under at  
husbonden sit i høgetet.

10. Hederplassen er og blir nok lengst på inn-  
gangsdoora (Furrast i stua).

11. Ein vaska hendene når ein hadde vore i slikt arbeid at det var råkaust å ete på folkens. Ein har stottt teke hūva av seg ved bordet. Anna sa, når ein fekk maten ite, serdy så kaffe. Å-ja kaffe künne ein så drikke i nabogarden og tilmed på ein kafe utan å ta av hovudplagget. Var mannfolk for fine såleis, künne dei bli haldne for kvinneborne.

12. Det har nok vore skikk å ete or same fatet, men ikkje i manns minne. No har vi det berre i fortellinga om "tremmengraüten". Tremmengraüten åt ein på St. Hans-vollen. Det var god graut av godt onjøl, og der var både smør, karring og egg på han. Alle som var i lag om grautfatet åt frå kvar sin tram (kaut på fatet, av det ordet kjem namnet tremming-graut. Måten å ete på spela nok og ei rolle for namnet). "Og så møttes ein smit i fatet." Såleis slutar gjerne fortellinga om tremmengraüten.

Ein tok ikkje ei tugga graut og hadde i onjølkekoppen, men ei skoi varm graut. Dermed avkjølede ein graüten. Det gjer ein ofte den dag i dag, og sume slår smelka på graut-taler kenen av same grunn.

13. Å sette gryta på bordet gjorde ein ikkje heime, det künne vare på tivar, i batar og bier. Ein gjer alltid forskjill på serveringa på is eller

anna vis når det er framande, t. eks. rein drik,  
betre servise o. s. b.

14. Ja, fisk la en, og legger frumdelar, på flatbrød.  
Men det er bare fersk fisk. Ten lager bete av  
flatbrød, smør, fisk og poteter. Før da en sparte  
mere på omvoret og ikke brukte poteter til fersk-  
fisker, lag en laget en beten slik: Flatbrød-  
stykker med fisk imellom utgjorde beten. Den ble  
dyppet i leverkoppem og så spist. (Jeg ser at  
jeg er gått over til bokmål. Spørsmålene er  
på bokmål. Og da jeg satte meg til å skrive  
igjen, skrev jeg, uten å tenke over det, bokmål).

15. Korleis i all verda skal ein elles få sikkur-  
beten i seg om ein ikkje skal ha han i munnem?  
Ja, ein kan slippe han i koppen, men eg har  
aldri høyrd at det hadde nokko med bordstille  
å gjere. Det er ei smaks sak.

16. Å drikke kaffe av skåle er ikkje god bordstille,  
men det er kjort når kaffen er varm og ein  
har lite tid.

17. Folk brukte meir fingrane når dei åt for  
femti år sidan, til eks. når dei reinska fisk  
og poteter.

18. Tollekniss brukte mennene berre på spekesild  
og spekesei.  
Kvinnene brukte vanleg bordkniv.

19. Det var vanleg at kvar hadde si skiv.

Var det sylskei, då var ho merka med  
namn eller berre bokstavar. Det var gjerne  
skeier som var gått i arv og hadde då alt  
fått mange namn, ja bladet kunne vere  
heilt utskrive. Og var sylskeia arva sju  
gonger, då kunne ein skave litt sylv av  
ho og gi kyr som ikkje ville ta kalv. Det  
skulle hjelpe. Farfar min hadde ~~det~~ skapt  
av ei slik skei, og eg hugsar han nytta det og,  
men om det hjelpte, det hugsar eg ikkje. Eg  
fylgde vel ikkje med så lenge.

Hornskeier varley før. Det var gjerne anten  
horn eller sylv.

Jau, ein vaska då skeiene, men det kan  
vere at hornskeiene ikkje tolde varmt soda-  
vatn, for eg hugsar gamle folk stakk horn-  
skeia fast i vindtjukkedinga til neste mål.


20. I Tjøtta har steinty vore i bruk felt lenge.  
100 år om eg vel kunne forvare. ~~Her vordde~~  
~~for mykje til bruk av det.~~ Men tinn var mykje  
brukt til for 100 år sidan og noho etter den  
tid og. Her er det verre for meg å tidfeste  
dette, men ein har nok nytta tre-tallerkenar  
eller skiver. Det går og fortelling om groper  
i bordet i staden for tallerkenar.

Somå tretrøy til rymskalle (file. Tjøtta.)  
var vanleg.

21. Nei, før (for femti år sidan) bruka ein ikkje bod-  
dúk til kvardags.

Det ~~var~~ var ikkje vanleg før voldsdåmane kom  
(for ikring 40-50 år sidan).

✘ Ein rulla vohsdüken opp på ein noko tjukkroven trevull mellom måla. For bordet slo ein saman, og då laut düken vekk, men ein kunne ha düken dekke resten av bordet til stas.



22. No brukar ein støtt vohsdüh på bordet i kjøkkenet, men kvit lindüh i stua om ein set maten på bordet der.

23. Det har vore så ~~nyse~~ nyse med maten, både når det gjeld mengd og slag. Men vanleg fekk ein ete med ein velle og vann so det som var. Det var helst kvaliteten som gjekk ned når det vart skort. Ein kjøpte sjeldan annan mat enn mjøl og sirup. Skorta det då på kjøtt og mjølk, så vart det smalhans, og hadde ein ikkje råd til mjøl, så var det berre potet og fisk att, men det var og det siste ein kunne innvare.

Det heitte å skiffe maten når ein laut dele brødet.

24. Det var helst brødet (ovnsbrød) som vart delt. Det kunne bli delt ut i så små skiver som knappar. (Det er tilmed sagt vestknappar, av tvæverdige folk. Tjøtta.)

25. Det vart visst teke lite omsyn til kva kvar  
troug. Men det spelte handhje ei viss rolle  
kven matmora hadde serly godting for, og så  
kven som var mest djerv.

Ëg hysar enda i min oppvekst (f. 1899)  
kammeratar som svolt. Det var sjeldan dei  
sa noko om det. Men ein sa ein gong: "Ëg  
har prøvd å ete meg mett på ber (vulle ber),  
men det går ikkje. Ëg blir berre meir ~~suttu~~  
svolten."

Han mytta eingong eit høve til å stole  
eit brød. Han fekk brødet med seg og fekk  
seg mette, men vart oppdega og lautt stis til  
rette.

Slike born var så strengt åtvare heime  
mot å ta imot mat ikkje på gardane  
at dei ofte sa nei ~~ta~~ takk når ein ville  
gi dei noko. Det var for å vise at dei  
ikkje vandra noko.

Her (Salldal) hendte det at i eit hus  
der det var mange søner, der kunne mora  
om kveldane etter at barna var gått på  
loftet, sende ~~ett~~ eit brød opp gjennom  
åpninga mellom røyra og loftsborda.  
Dette brødet reiv dei i seg turt. Det vart  
store, sterke karar av dei gutane. Ein  
av dei fekk eit stort namn som brytar  
i U.S.A.

27. Det var vanleg å tygge mat til små-  
barn (Tjötta).

28. Ein kan ikkje seje at det har vore vanleg med høgtlesing ved bordet, og sleit ikkje song. Serleg sjeldan er det (og var det) at husefaren gav seg av med det. Det var serleg mora som ville venje barna til denne skikken.

Storaks barna vart eldre, og serleg når det var på turar med dei, fall dette velk av seg sjølv, om då ikkje skipperen hadde for vane å lese stilt i stult bordbøn.

Det kunne vere berre: "I Jesu namn."

Ein skipper som turka kleppfisk på Oppsøy (Tjøtta) gav ein gut 50 øre avdø han tok av seg hiva då han åt maten sin på fiskeberget.

Ein tok ikkje av seg hatten for høgare gjest enn maten, sa dei gamle (Tjøtta).

29. Barn jekk ikkje prate ved bordet.

"La maten tepp ~~skjæret~~<sup>holet</sup>!" (Saltde).

By hysar enno og tykte det var rart å høyre ein 14-15-åring ~~prate~~ prate pitt saman med dei vaksne. Då var ei vaksen. Den same karen er no prest, så ~~han~~ han hadde visst ikkje vondt av det.

32. Det var vanleg å vente til alle var ferdige før ein gjekk på bordet.

33. Ein sa og sier framleis takk for maten uten å sette takken til nokon bestemt. Nokk a la "han requier", "han er sterk."



34. "Signe maten!" sa ein framand nár han kom inn undan ein át.

35. Det var ikkje vanly, ja det måtte vere eit særhove om ein som kom inn undan ein át, vart sett til bords. Det hende aldri nís ein framand.

36. Ein ikkjend framand vart ikkje beden noko traktering, men ein framand for atta, ein granne altsá, vart allís sett til bords kva tid han så kom, om han då hadde tid og ville ha noko nár ein baús han.

37. Ein gjest fekk stótt noko ekstra om ein hadde noko for handa. Og det hadde ein no gjerne.

38. Det var dei gardane der det heitte at kjelen stod på heile dagen. Stor skilnad er det ikkje nún.

39. Er det ein storframand som kjem beris han setis i stua og der får han lag med húsfor eller húsror.

40. Ein let seg ikkje nó til á prøyne seg.

41. Ein let nándly ein gjest sitte alleins til bords.

